

31.03.2016

Notat

Sak nr.

2013/6899-8

Til: UFL

Fra: Kommunalsjef levekår Torgeir Sæter

Hentet fra: <<https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Okonomisk-sosialhjelp/Nesten--milliard-i-sosialstonad/>>

Nesten 1/2 milliard i sosialstønad

ONSDAG 30.03.2016

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at i alt 493 492 382 kroner vart betalt ut i sosialhjelp i Hordaland i 2015. Dette er ni prosent meir enn året før.

Ti kommunar i vårt fylke betalte ut meir enn ni millionar i sosialstønad. Dei ti kommunane med størst utbetalingar i 2015 er:

Bergen	327 570 990
Fjell	18 021 672
Askøy	14 471 507
Stord	13 093 625
Lindås	12 584 048
Kvinnherad	11 860 606
Øygarden	11 211 858
Os	10 833 585
Voss	9 148 362

Dei same ti kommunane hadde størst utbetalingar i 2014, men rekkjefølgja er endra noko. Øygarden er den kommunane som hadde størst auke rekna i prosent, medan Voss er den einaste kommunen av desse ti som hadde reduserte utbetalingar.

Bergen kommune hadde større utbetalingar av sosialstønad enn resten av kommunane til saman, heile 66 prosent av samla sum for Hordaland. Minst utgifter hadde Jondal, som berre betalte ut 102 547 kroner i sosialstønad i 2015. Fire andre kommunar hadde mindre enn fem hundre tusen i utbetalingar: Fedje, Modalen, Eidfjord og Masfjorden. Dei fem kommunane med minst sosialstønadsutbetalingar er dei same i 2015 som i 2014.

Postadresse:

Klampavikvegen 1, 5300 Kleppestø

Besøksadresse:Klampavikvegen 1, 5300
Kleppestø**Telefon:**

56 15 80 00

Bank:

6515.06.05509

E-post:

postmottak@askoy.kommune.no

www.askoy.kommune.no

Telefaks:

56 15 83 90

Org.nr:

964 338 442

[Klikk på denne lenkja for å sjå oversikta over utbetaling av sosialstønad i Hordaland i 2014 og 2015](#)

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Helse%20og%20omsorg/TilsynsrTilsynsr/Utbetaling%20av%20sosialst%C3%B8nad%20i%20Hordaland.pdf>

Størst utgifter i Øygarden

I gjennomsnitt betalte kommunane i Hordaland 955 kroner per innbyggjar i sosialstønad i 2015. Det er stor skilnad mellom kommunane på kor store sosialstønadsutbetalingar dei har, dersom ein reknar i høve til folketalet. Øygarden kommune ligg heilt på topp med 2 311 kroner per innbyggjar, medan Jondal berre brukte 93 kroner per innbyggjar. Fire andre kommunar betalte ut mindre enn tre hundre kroner per innbyggjar i 2015: Masfjorden, Fusa, Austevoll og Eidfjord.

Dei ti kommunane i vårt fylke med størst utbetaling per innbyggjar i 2015 er:

Øygarden	2 311
Bergen	1 181
Kvam	1 063
Radøy	989
Kvinnherad	894
Austrheim	877
Ulvik	870
Granvin	860
Vaksdal	846
Lindås	806

Samanlikna med året før er Kvinnherad og Austrheim nye på lista, medan Voss og Odda er ute.

[Klikk på denne lenkja for å sjå oversikta over utbetaling av sosialstønad per innbyggjar i Hordaland 2015](#)

<https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Helse%20og%20omsorg/Tilsynsrapportar/Utbetaling%20av%20sosialst%C3%B8nad%20per%20innbyggjar%20i%20Hordaland.pdf>